



Sakshandsamar: Randi Langkaas

Referansar: UKM 09/04, UKM 02/08, UKM 06/09, KR 38/09, KR 47/09

Vedlegg:

KM 5.1.1/09	Myndig tru - mangfaldige fellesskap, ressursdokument
KM 5.1.2/09	Rapport frå Nord-Hålogaland bispedømme
KM 5.1.3/09	Rapport frå Oslo bispedømme
KM 5.1.4/09	Rapport frå Stavanger bispedømme

## Myndig tru - mangfaldige fellesskap. Kyrkje med aldersgruppa 18-30 år

### Samandrag

Saka *Myndig tru – mangfaldige fellesskap* tek til orde for ei strategisk satsing på aldersgruppa 18–30 år. *Ung i kyrkja* har sidan tidleg på 90-talet vore eit satsingsområde i Den norske kyrkja. Det at Kyrkjemøtet 2009 reiser saka, er eit uttrykk for vilje til å ha søkjelys på saka vidare. Ei kyrkjeleg satsing på aldersgruppa 18–30 år handlar om å tenkja heilskapleg om det å vera kyrkje og å tenkja kreativt om det å sameina plan- og reformarbeidet i kyrkja. Det handlar om korleis satsing på trusopplæring, gudstenesteliv, diakoni, demokrati og berekraftig utvikling kan spela på lag med kvarandre.

Det er fleire særlege grunnar til at kyrkja no bør retta søkjelyset og styrkja satsinga på aldersgruppa 18–30 år. Nokre av dei viktigaste grunnane er:

1. Det skal vedtakast ein plan for trusopplæring 0–18 år. Denne planen set òg søkjelyset på trusopplæringa som ei livslang læring. Eit viktig strategisk satsingsområde for kyrkja er *Ung i kyrkja* (15–30 år). Empiriske undersøkingar frå fleire land tyder på at erfaringar med kyrkjeleg fellesskap i 15–18-årsfasen og 18–30-årsfasen heng nært saman. Desse erfaringane er avgjerande for vidare medlemsskap og deltaking i kyrkjelege fellesskap. Difor er det heilt om å gjera at Den norske kyrkja reflekterer over og utviklar ein strategi for kyrkja i møte med aldersspennet 18–30 år, særleg i samband med trusopplæringsstrategiar for aldersgruppa 15–18 år.
2. Mykje tyder på at dei utfordringane som ligg i å vera kyrkje for 18–30-åringane, speglar dei hovudutfordringane kyrkja kjem til å møta no og i tida framover. 18–30-åringar er på mange måtar ei marknadsleiande aldersgruppe, og denne aldersgruppa kjem til å prega den religiøse marknaden i framtida. Men ikkje berre det: Mange i aldersgruppa 18–30 år er òg svært engasjerte og kreative og ønskjer å fornya kyrkja. I

denne aldersgruppa finn ein til dømes viktige agentar for det engasjementet kyrkja har i høve til dei store utfordringane i samtida som mellom anna gjeld klima, miljø og fattigdomsproblematikk. På same tid er det innanfor denne aldersgruppa det er flest som vel å melda seg ut av kyrkja. Det gjer dette aldersspennet til eit kritisk og strategisk læringsfelt for kyrkja.

3. Den norske kyrkja og dei kristne organisasjonane i Noreg har allereie gjort erfaringar med arbeid for denne aldersgruppa. Det gjeld òg på funksjonsdefinerte område, til dømes gjennom arbeidet til studentprestane og feltprestane. Det ein har reflektert mindre rundt, er korleis kyrkja lokalt skal arbeida med denne aldersgruppa. Her trengst det utviklingsarbeid som òg set søkjelyset på korleis satsinga på denne aldersgruppa kan spela på lag med kyrkjelyden som eit fellesskap med fleire generasjonar.
4. Eit meir allment argument er at religiøse fellesskap, og då særleg lokale fellesskap, skapar stad og gir rom for å høyra til. Også frå eit samfunnsperspektiv er det avgjerande å satsa på lokale fellesskap som verkar integrerande og demokratibyggjande. Det gjeld særleg i den livsfasen der ein vanlegvis gjer seg dei mest dramatiske erfaringane av oppbrot, mobilitet og identitetsbygging. Ei kyrkjeleg satsing på kontekstuelte prega fellesskap for denne aldersgruppa er viktig frå eit samfunnsperspektiv òg.

## **Framlegg til vedtak**

### **Kyrkjerådet rår Kyrkjemøtet til å gjera følgjande vedtak:**

1. Kyrkjemøtet ser at det er behov for å stimulera til lokal og nasjonal refleksjon over korleis kyrkja kan vidareutvikla og fornya arbeidet med aldersgruppa 18–30. Satsing på denne aldersgruppa er avgjerande for framtida til folkekyrkja.
2. Kyrkjemøtet ber sekretariatet i Kyrkjerådet om å vidareutvikla ressursdokumentet *Myndig tru – mangfaldige fellesskap* til eit ressurshefte som blir tilgjengeleg for alle kyrkjelydane i Den norske kyrkja og for organisasjonane, og kjem med desse kommentarane: ...
3. Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet innarbeida punktet nedanfor i visjonsdokumentet for Den norske kyrkja under satsingsområdet ”Kyrkje for 18–30”:  
  
”Aldersgruppa 18–30 skal erfara at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg for unge menneske gjennom relasjonsbygging og gode fellesskap, slik at den unge får ein livsrytme som er ramma inn av ord og sakrament.”
4. Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet i samråd med bispedømmeråda/kyrkjelydane om å stimulera til eit større erfaringsgrunnlag som kan systematiserast og danna grunnlag for ein strategi for korleis Den norske kyrkja i større grad kan vera kyrkje for og med denne aldersgruppa.
5. Kyrkjemøtet ber om å få saka tilbake som ei strategisak innan tre år.

## Saksorientering

### Bakgrunn

*Ung i kyrkja* har sidan tidleg på 90-talet vore eit satsingsområde og ein del av strategiplanen til Den norske kyrkja. Ung i kyrkja er meint for aldersgruppa 15–30 år. I 2004 vedtok Ungdommens kyrkjemøte (UKM) å styrkja det arbeidet kyrkja driv for unge vaksne i aldersgruppa 18–30 år. UKM-sak 06/07 kom òg med innspel til prosjektet, som vart sett i gang som eit samarbeid mellom Kyrkjerådet og Det teologiske Menighetsfakultet. Våren 2007 vart det difor nedsett tre arbeidsgrupper – i Oslo, Stavanger og Nord-Hålogaland bispedømme. Rapportane frå desse arbeidsgruppene ligg ved sakspapira. Ut frå den lokale konteksten skulle desse arbeidsgruppene ta for seg dei utfordringane som denne aldersgruppa er for kyrkja, det som kjenneteiknar gruppa, kva unge er opptekne av, og dei strategiske vegvala som Den norske kyrkja må ta i arbeidet vidare med denne aldersgruppa.

Arbeidsgruppa frå Oslo bispedømme føreslo å dela inn aldersgruppa i:

- unge uetablerte
- unge etablerte
- unge etablerte med barn

Arbeidsgruppa frå Stavanger bispedømme hevdar at kyrkja i arbeidet med og for denne aldersgruppa må ta på alvor at gruppa er svært medviten på å vera subjekt i eiga tru og difor leitar etter ei relevant kyrkje. Arbeidsgruppa frå Stavanger tek til orde for at ein difor bør bruka innsikta frå misjons-ekkesiologien i møte med denne aldersgruppa og opna for og dyrka eit mangfald av ulike fellesskap med ulik profil. Men det blir òg understreka at desse fellesskapa må stå i ein tydeleg relasjon til det kyrkjelege tilsynet.

Arbeidsgruppa frå Nord-Hålogaland bispedømme peika på spenninga mellom ulike fellesskapstilbod for denne aldersgruppa – alt frå meir folkekyrkjeleg prega fellesskap (ofte) i bygdemiljø til meir frikyrkjeleg prega fellesskap i bymiljø. Arbeidsgruppa understrekar difor at kyrkjeleg arbeid med og for denne aldersgruppa må ta på alvor det spennet og dei ulikskapane i aldersgruppa som gjeld sosiale tilhøve, engasjement, ønske om engasjement og kva slags gudstenestepofil ulike unge menneske ønskjer.

Arbeidet i desse gruppene vart presentert på ein fagkonferanse ved Det teologiske Menighetsfakultet i april 2008. UKM 2008 arbeidde vidare med denne saka utifrå rapportane frå desse gruppene og den kunnskapen som fagkonferansen genererte.

### Ungdommens kyrkjemøte (UKM) 2008

UKM 2008 understreka ambivalensen og breidda som kjenneteiknar denne aldersgruppa. Ho er prega av stor mobilitet og mange oppbrot. Livsfase er eit viktigare kriterium enn alder. Frå eit perspektiv er det fleire i denne gruppa som trivst med å ha ansvar og å vera aktive medarbeidarar i ulike kyrkjelydar. Men det er òg fleire som ønskjer å møta kyrkja og kyrkjelyden med meir enn eit krav eller ei oppmoding om å ta leiaransvar.

UKM 2008 vidareførte arbeidet med ein ekklesiologisk refleksjon knytt til det engasjementet kyrkja har for denne aldersgruppa, og understrekar i ein kortfatta gjennomgang desse tre hovudpunkta:

- Alle som er døpt hører Herren til og er kirken.
- Den norske kirke er en folkekirke. Det betyr at alle skal kunne finne sin plass i den kirken de er døpt inn i, så lenge de selv ønsker det.
- Kirken er mer enn gudstjenester og aktiviteter. Kirken er mennesker.

UKM 2008 (Sak 04/08 *Kirke for aldersgruppa 18 til 30 år*) såg for seg ei satsing med seks ulike prosjekt:

Prosjekt A: Gudstjeneste

Prosjekt B: Kommunikasjon og informasjon

Prosjekt C: Vekst med Tro

Prosjekt D: Rekruttering av samiske unge til kirkelige stillinger

Prosjekt E: Studenter

Prosjekt F: Bygd og mindre tettsteder

Planen var at saka skulle koma opp allereie på Kyrkjemøtet i 2008. Men etter at UKM 2008 hadde handsama saka, vart det tydeleg at ein måtte arbeida meir med henne før ho kunne leggjast fram for Kyrkjemøtet. Det siste året har difor sekretariatet i Kyrkjerådet arbeidd med saka i dialog med ei rekkje interne og eksterne aktørar.

### **Utval for ungdomsspørsmål**

I møtet 1.–3. desember 2008 gjorde Utval for Ungdomsspørsmål (Ufung) slikt vedtak om den vidare retninga for saka:

Ufung ber om at saken kirke for aldersgruppen 18–30 settes opp som sak på Kirkemøtet 2009. Det er ikke å forstå som avslutning av saken, men som start på en bredere videreføring i hele vår kirke. *”Målet er at flere mellom 18 og 30 får en livsrytme som rammes inn av Ord og sakrament”*. Ufung ønsker seg ikke en plan for 18–30-arbeidet i tradisjonell forstand, men et sakspapir og et forslag til vedtak som kan være en katalysator for kreativ tenkning og gode prosesser i soknemenighetens arbeid med aldersgruppen.

Med dette vedtaket ville Ufung spissa retninga på denne saka. Dei peikar på behovet for å arbeida med form og søkjelys på kyrkja sitt møte med aldersgruppa 18–30 i kjølvatnet av den massive satsinga i kyrkja på trusopplæring 0–18 år. Dei ønskjer òg å peika på dei særlege utfordringane som ”vanlege” kyrkjelydar får med å skulla vera ei kyrkje for aldersgruppa 18–30 år. Difor er det avgjerande at ein kan arbeida med moglege strategiar for arbeidet med aldersgruppa 18–30 år som kan gi rammer for kvart sokn og på same tid vera ein katalysator for heile Den norske kyrkja i det vidare arbeidet med denne aldersgruppa.

## **Ungdommens kyrkjemøte 2009**

Ungdommens kyrkjemøte har drøfta saka (UKM 06/09). Dei kjem med sterke utfordringar til Kyrkjemøtet og bed Kyrkjemøtet 2009 leggja særleg vekt på:

### **1) Møtestader utanfor gudstenesta**

- Korleis kan vi lokalt leggja til rette for at vi deler meir av livet vårt med kvarandre – både dei vanskelege erfaringane og dei gode?
- Har kyrkja noko å gi oss som er lukkelege, og i tilfelle kva?
- Har kyrkja noko å gi oss som seier at vi ikkje treng Gud i kvardagen, og i tilfelle kva?
- På kva slags møtestader kan vi ta vare på desse behova?

### **2) Gudstenesta**

- Korleis kan vi skapa gudstenester som blir møtestader der den einskilde blir møtt og sett?
- Korleis kan vi gjera det enkelt å koma med innspel til gudstenestefeiringa i den lokale kyrkjelyden og vera med og skapa livsnære og autentiske gudstenester?
- Korleis vil vi forkynna evangeliet inn i kvardagen til dei unge?

### **3) Vidare forskning på aldersgruppa 18–30 og vår relasjon til kyrkja**

- Korleis kan vi stimulera til vidare forskning på og fagutvikling for aldersgruppa 18–30?
- Korleis kan vi i våre lokale kyrkjelydar finna arbeidsmåtar som passar i vår kontekst, og som kan hjelpa oss til å få auge på dei behova aldersgruppa har lokalt?
- Kva lurar Kyrkjemøtet på om aldersgruppa?

## **Handsaminga i Kyrkjerådet**

På møtet i Kyrkjerådet i slutten av mai vart det framheva at alderen 18–30 år er ei sårbar tid for mange. Ein er avhengig av gode rettleiarar og samtalepartnarar i møte med dei valutfordringane og eksistensielle spørsmåla som oppbrots- og etableringserfaringane frå denne aldersfasen byr på. Dette utfordrar innsatsen til kyrkja for denne aldersgruppa når det gjeld diakoni og sjelesorg. Her har kyrkja ofte ein særleg styrke gjennom det arbeidet som studentprestar og feltprestar gjer. Det vart òg understreka at den erfaringa som mange samiske unge har, nemleg å binda saman ulike identitetar i ulike kontekstar, er nyttig og viktig for kyrkja i arbeidet med denne aldersgruppa.

## **Vidare prosess og søkjelys**

Med denne saka håpar ein å kunna stimulera kyrkja på ulike nivå til å la seg engasjera av utfordringa som ligg i det å vera kyrkje for aldersgruppa 18–30.

Det er naturleg at ein vidare i utviklingsarbeidet tek i bruk dei arenaene som allereie er i kyrkja, til dømes strukturane i bispedømma med ungdomsråd og rådgivarane på feltet, faginstitusjonane og dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane. Det er naturleg å samla inn dei erfaringane som kyrkjelydane har i arbeidet med aldersgruppa 18–30, og å

utarbeida strategiar i lys av desse erfaringane. Det arbeidet som organisasjonane driv for unge vaksne, kan òg vera med og gi gode innspel i prosessen vidare. I fagmiljøa går det føre seg utviklingsarbeid og forskning. Det blir viktig å halda fram med å stimulera til ei fagleg forankring og utvikling på feltet.

Det blir òg svært viktig å leggja til rette for at alle aktørane på feltet kjem med innspel og deler idear og erfaringar. Den kunnskapen som kjem fram, vil vera med og styra kva slags strategiar Den norske kyrkja kan utvikla i arbeidet med aldersgruppa. Erfaringane frå arbeidet blir tilgjengelege for alle aktørane. Det kjem til å bli laga faglege publikasjonar og arrangert kurs og konferansar om emnet.

Ressursdokumentet *Myndig tru – mangfaldige fellesskap* blir gjort tilgjengeleg for alle kyrkjelydane. Målet er å medverka til vidare inspirasjon og refleksjon i lokale strategiprosessar på feltet og å skapa erkjenning om arbeidet med målgruppa i Den norske kyrkja. Ressursdokumentet kan ha ein funksjon i utviklingsarbeidet og gi gode innspel til utforminga av ein strategi for dette arbeidet vidare.

## **Om ressursdokumentet**

*Myndig tru – mangfaldige fellesskap* presenterer ei grunnlagstenking for ei satsing på aldersgruppa 18–30 år og er meint å vera eit strategidokument. Her rettar ein søkjelyset både på aldersgruppa som ein viktig ressurs for kyrkja, men òg på at denne aldersfasen er ei kritisk og strategisk viktig tid både for dei som er i aldersgruppa, men òg for kyrkja. Det er mellom anna i denne aldersgruppa at det er flest som melder seg ut av kyrkja. Det utfordrar kyrkja til å koma i tettare dialog med denne aldersgruppa, med deira kontekst og grunnleggjande erfaringar. Det kan ein gjera både gjennom møte, i samtalar ein til ein og ved å utvikla relevante og livsnære fellesskap.

Grunnlagstenkinga tek utgangspunkt i at oppbrotet er ei grunnerfaring for denne aldersgruppa: oppbrot frå barne- og ungdomstida, heimen og familien til studiar, arbeid, reiser og nye relasjonar, men òg oppbrot i tydinga etablering. I denne aldersfasen er det mange som går inn i meir forpliktande samliv, får barn, kjøper husvære og får fast jobb.

Ressursdokumentet *Myndig tru – mangfaldige fellesskap* rettar søkjelyset på desse hovudpunkta:

1. Korleis kyrkja i møte med denne aldersgruppa må gi rom for å myndiggjera den trua vi får i dåpen, slik at denne trua flyttar med og blir relevant i alle kontekstane i livet, og at ein kvilande i denne trua frimodig kan tena nesten og skaparverket.
2. I møte med ei aldersgruppe som meir enn mange andre er mobil, peikar ein på kor viktig det er at kyrkja i denne aldersfasen opnar for eit mangfald av fellesskap: både fellesskap der fleire generasjonar er samla, men òg fellesskap som siktar smalare, til dømes mindre nettverksbaserte eller funksjonsdefinerte fellesskap, ungdoms- og studentarbeid i regi av ungdomsorganisasjonane i kyrkja, eigne kyrkjelydar i nokre av dei større byane der det er særleg mange studentar eller unge vaksne, eller møte med

kyrkjeleg fellesskap til dømes på reise (til dømes gjennom Den norske kyrkja i utlandet) eller i militæret (gjennom feltpresttenesta).

Dokumentet som ligg ved, ønskjer å utfordra til å reflektera lokalt over desse spørsmåla:

- Kva kjenneteiknar aldersgruppa 18–30 år i vår kontekst?
- På kva måte er aldersgruppa ein ressurs i kyrkja?
- På kva måte er erfaringane til dei unge ei utfordring for kyrkja?
- Korleis kan ein møte desse utfordringane?
- Korleis kan ein vidareutvikla og fornya arbeidet med aldersgruppa 18–30 år i vår kontekst?

Etter at ressursdokumentet er handsama på Kyrkjemøtet 2009, kjem det til å bli vidareutvikla og omforma, også grafisk, til eit ressurshefte for det vidare arbeidet med denne saka i kyrkjelydane. I heftet ønskjer ein òg å få plass til ein del praksisforteljingar – erfaringar frå kyrkjelydar, kristne organisasjonar og andre som har arbeidd med aldersgruppa 18–30 år. Desse forteljingane skal vere mest mogeleg representative, og ein kan til dømes invitera organisasjonar og kyrkjelydar gjennom kunngjeringar på nettet og i brev. Dette kan òg vera med og skapa interesse for saka lokalt.

### **Økonomiske/administrative konsekvensar**

Utforminga, produksjonen og utsendinga av ressursheftet kostar 200 000 kr. Ressursheftet blir òg lagt ut på nettet.

Den faglege oppfølginga er det ungdomsrådgivarane i bispedømme og faglege forum som tek seg av.